

# Prosjektrapport «Fotoarkivet etter fotograf Elen Loftesnes»

Utarbeidd av fotoarkivar Hedvig Ølmheim, 29.03.2021

## Innhald:

Måloppnåing

Gjennomføring

Arkivhandsaming: ordning, digitalisering, registrering og publisering

Formidling: intervju og biografisk artikkel

Arrangement

Vidare arbeid

Fotoarkivet etter Loftesnes i tal

Prosjektrekneskap

Kommentar til rekneskapen

## Måloppnåing

Prosjektet hadde som målsetjing å ordne, digitalisere, registrere og publisere fotoarkivet etter Elen Loftesnes, samt å samle inn historikk knytt til hennar verksemd som fotograf.

Desse måla er i stor grad nådd. Arkivet er ordna, registrert og digitalisert. Per mars 2021 er ein del av arkivet publisert i fylkesarkivet sitt webarkiv, og resten skal publiserast omgåande.

Det har vorte samla inn mykje og god informasjon, som i løpet av prosjektet har vorte nytta i formidlingstiltak. Sjølv om dette målet kan seiast å vere nådd, vil det i tida framover vere ei prioritert oppgåve å halde fram arbeidet med å samle inn informasjon til enkeltbilete og fotografverksemda, når no eit breiare publikum vil få digital tilgang til fotoarkivet og kan bidra med opplysningar.

## Gjennomføring

Prosjektet skulle opphavleg gjennomførast i løpet av 2019. Oppstarten vart utsett i 3 månader grunna utfordringar kring tilsetjing av prosjektmedarbeidar. Fullføringa av prosjektet skulle jamfør denne reviderte framdriftsplanen då vere i mars 2020. Fleire faktorar gjorde det naudsynt å be om ei ny utsetjing av prosjektet i april 2020 til ut året, og ei ytterlegare utsetjing i desember 2020 på nye 3 månader. Prosjektet vert difor avslutta i mars 2021.

Dei som har arbeidd på prosjektet har vore prosjektilsett fagfotograf Jane Gammelby, fotoarkivar Elin Storøstevik, og fotoarkivar i vikariat Hedvig Ølmheim, seinare fast tilsett.

Dei to seinaste utsetjingane har vore naudsynte først og fremst grunna korona-tiltak i fylkeskommunen frå mars 2020 av. I heile denne uvanlege perioden har prosjektet vorte jobba med og prioritert, men framdrifta har vore lita då handsaming av arkivmateriale og digitalisering ikkje kan utførast frå heimekontor. I periodar har fotoarkivar kunna jobbe frå kontoret, og prosjektet har difor kunne fullførast. Prosjektet vart også forseinka ytterlegare, då medarbeidaren som var tilsett på prosjektet var hindra frå å arbeide i dei to siste månadene av tilsetjingsperioden sin, grunna korona-tiltaka. Fotoarkivar har difor frå mars 2020 av jobba åleine på prosjektet, og utført det parallelt med andre oppgåver.

Prosjektet har også vorte forseinka av ein ytterlegare faktor, då fylkesarkivet i prosjektpersonen har gått over til ei ny løysing for database/webarkiv. Dette arbeidet vart meir tidkrevjande og komplisert enn føresett, og gjorde at det etter november 2019 ikkje har vore mogeleg å laste opp nye foto i webarkivet. Dette har hindra arbeidet med å publisere biletene kontinuerleg i løpet av prosjektpersonen, og ein del av arkivet vil måtte publisera etter at prosjektet er ferdig.

### **Arkivhandsaming: Ordning, digitalisering, registrering og publisering**

I perioden mai 2019 – april 2020 var ein fagfotograf tilsett som prosjektmedarbeidar. I denne perioden vart heile arkivet ordna, reingjort og pakka om i syrefri emballasje. Prosjektmedarbeidar digitaliserte materiale kontinuerleg, og lasta opp foto og biletetopplysningar i databasen fram til november 2019 då denne måtte stengast ned grunna systemarbeid. I denne perioden vart det publisert 1752 foto med informasjon i webarkivet, som gav god respons frå publikum.

Då fagfotograf ikkje fekk fullført arbeidet med digitalisering, vart dette utført av fotoarkivar i løpet av hausten 2020. Det vart freista å ta til med opplasting i webarkivet att tidleg i 2021, men ei ytterlegare forseinking av denne prosessen i februar 2021, har gjort at ein stor del av arkivet enno ikkje er publisert i webarkivet per i dag. Dette vil likevel vere ei kortare forseinking, og publiseringa av biletene vil vere høgt prioritert når systemarbeidet tillèt det. Alt materialet er ferdig handsama elles.

I takt med at biletene vart digitaliserte og lasta opp, vart dei også registrerte med informasjon frå arkivemballasjen. Loftesnes noterte informasjon om dato, bestillar osb på konvoluttane som negativa vart oppbevarte i, desse har vorte overført til registreringsskjema for metadata i webarkivet og såleis tekne vare på. Dette har vore ein relativt tidkrevjande del av arbeidet, ettersom det krevde nøyaktigkeit og nærlæring.

Det har vorte publisert eit utval biletene gjennom fylkesarkivet sin Flickr Commons-profil. Desse er biletene som skal kunne brukast fritt av publikum, og dei er tilgjengelege for nedlasting i god oppløysing. Biletene er valt ut fordi dei er interessante og representative for arkivet, og gir eit fint innblikk i Loftesnes sin produksjon. Dette albumet er også ein god måte å formidle arkivet på, då ein stor del av Loftesnes sitt arkiv består av portrett ikkje kan publisera ope grunna personvernsomsyn. I Flickr-albumet får publikum difor ein meir brukarvenleg inngang til materialet.

Sjå Flickr-albumet her: [Elen Loftesnes: people and places in mid-century Sogndal | Flickr](#)

Sjå fotoarkivet i webarkiv for foto her: [Fylkesarkivet](#)

### **Formidling: Intervju og biografisk artikkel**

Informasjonsinnhentinga i prosjektet vart sett i gong med eit offentleg arrangement på Sogndal bibliotek i oktober 2019 (sjå avissak i vedlegg). Arrangementet var fullteikna med kring 100 deltakarar, og synte ei stor interesse for prosjektet lokalt. Her fekk me knytt kontaktar til lokale med meir eller mindre kjennskap til fotografen. Det vart gjennomført lengre intervju med 6 av desse vinteren 2019/2020, som eit grunnlag for ein biografisk artikkel. Det vart teke opp lyd frå intervjuene, og desse er lagra hjå fylkesarkivet og vil vere tilgjengelege for publikum. Desse intervjuene var interessante, men fortalte til dels lite nytt om fotograf Loftesnes, og det er ei utfordring i dette arbeidet at det ikkje er att nokon som var nær Loftesnes i hennar yngre dagar.

Den første perioden med heimekontor i mars 2020 førte til ei endring i kva arbeidsoppgåver det var mogeleg å utføre. Dette gav fotoarkivar mogelegheita til å bruke meir tid på informasjonsinnhenting over telefon enn planlagt. Dette vart eit større arbeid som avdekkja ny informasjon om fotografen, ikkje berre frå kjelder i Sogndal men også i Bergen. Elen Loftesnes var i alle år ugift, men gjennom ulike kjelder finn me at ho hadde eit nært forhold over mange år til Mathilde Pettersen frå Bergen, som det ser ut til at budde saman med Loftesnes i Sogndal gjennom heile 1940-talet og fram til Pettersen vart sjuk og døydde i 1953. Gjennom kontakt med barnebarn av Pettersen sine søsken, fekk me tilgang til ei interessant samling positiv etter Loftesnes som dei har arva, og som ikkje var kjende frå før. Me fekk også mogelegheit til å namngi

mange bilete i arkivet med motiv frå denne familien og stader i Bergen, som det tidlegare ikkje hadde vore mogeleg å knyte til fotografen.

Denne utviklinga i informasjonsinnhentinga teiknar eit nytt og meir personleg bilet av Loftesnes, og viser sider av livet hennar som var for si tid ukonvensjonelle. Det er verdt å gi merksemd til Loftesnes sitt privatliv på dette grunnlaget. Opplysningane som er samla inn har også gitt eit betre bilet av korleis ho arbeidde som fotograf og organiserte yrkeslivet sitt, og slik ført til større innsikt i både privat- og yrkeslivet til ein kvinneleg fotograf.

På dette grunnlaget vil Mathilde Pettersen også få større plass i formidlinga av arkivet, men fokuset i dette prosjektet vil likevel i størst grad vere på Loftesnes. Kjeldene me har funne er også gode nok til å kunne framheve desse kvinnene i andre samanhengar. Me utarbeider no planar for å formidle deira historie i samband med markeringa Skeivt kulturår 2022, i samarbeid med skeivt arkiv i Bergen.

Den biografiske artikkelen om Elen Loftesnes er tilgjengeleg her:

[Fotograf Elen Loftesnes - Kulturhistorisk leksikon \(fylkesarkivet.no\)](#).

Informasjonen er også nytta til å oppdatere wikipedia- og lokalhistorie-wiki artiklane om Loftesnes:

[Elen Loftesnes – Wikipedia](#)

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Elen\\_Loftesnes\\_\(1905–1979\)](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Elen_Loftesnes_(1905–1979))

I løpet av prosjektet har fylkesarkivet publisert fleire saker frå arbeidet på facebook, og også på vår heimeside:

[Elen Loftesnes på Sogndal bibliotek - Fylkesarkivet i Vestland](#)

[Bli kjend med fotograf Loftesnes](#)

Det er også publisert artiklar om Elen Loftesnes i fylkesarkivet sitt tidsskrift Kjelda, og i Sogn Avis. (sjå vedlegg).

## Arrangement

Det var ikkje mogeleg å gjennomføre fleire offentlege arrangement i storparten av 2020, men det vart arrangert to mindre fotovisningar på Sogndal bibliotek i november 2020, for til saman 50 tilhøyrarar. Desse vart fullteikna, og fleire som ikkje hadde høve har kontakta fylkesarkivet med ynskje om nye arrangement.



Arrangement på Sogndal bibliotek, 26.11.2020

## **Vidare arbeid**

Arbeidet med å publisere resten av fotoarkivet på nett vert prioritert, og nyhende om dette vil verte kommunisert til fylkesarkivet sitt publikum fortløpande.

Fordi ein del av fotomaterialet ikkje har kunne publisera, har den breie informasjonsinnehentinga i samarbeid med publikum ikkje komme i gang. Me forventar å få mange kommentarar til biletene frå lokale i Sogndal, gjennom kommentarfunksjonen som er knytt til enkeltbilete i webarkivet.

Kommentarane vil verte viktige tillegg til dei eksisterande opplysningane. Sjølv om ein del portrett frå arkivet ikkje vil vere tilgjengelege grunna personvern, vil namna som høyrer til vere mogelege å søke på, og slik stimulere til kunnskapsdeling også om desse biletene.

Det var også planlagt å samarbeide med Sogndal sogelag om å registrere ny informasjon til enkeltbilete. Dette vart sett på vent som følgje av korona-tiltaka, då dette arbeidet vil krevje opplæring og oppfølging gjennom møte eller kurs. Me planlegg no å gjennomføre samarbeidet med sogelaget i løpet av 2021 så snart samfunnet opnar meir opp.

Det er også aktuelt å gjennomføre fleire offentlege arrangement for å vise fram biletene og samle inn informasjon, ettersom denne typen aktivitet har vore svært avgrensa i 2020. Ei målsetjing er å kunne vise fram biletene på omsorgssenter i regionen, for å nå eit publikum som vil ha vore samtidige med Loftesnes.

## **Fotoarkivet etter Loftesnes i tal**

På førehand var arkivet estimert til å vera på om lag 3000 negativ og like mange positiv. Etter handsaming kan me si fast at det reelle talet er 3465 negativ og 903 unike positiv, til saman 4368 fotografi.

Dette talet inkluderer ikkje positiv der det også fantes ein negativ, som det viste seg at det var mange av i arkivet. Ein del av desse positiva fann me også i fleire utgåver. Desse er ordna i mindre grad, og ikkje digitaliserte. Arkivet som heilskap, inkludert desse dublettane, er difor på nærmare 5000 biletene til saman.

Per no er 1752 foto lasta opp og publisert i webarkivet. Ein del fleire er lasta opp og ikkje publisert, og resten skal lastast opp fortløpande.

I løpet av prosjektet kom me i kontakt med ulike privatpersonar, og også Frelsesarmeens i Sogndal, som hadde større eller mindre positivsamlingar etter Loftesnes. Desse vart lånt inn og digitaliserte, og aukar talet på Loftesnes-bilete i webarkivet med 173 fotografi. Desse vart eit nyttig og fint tillegg til hovudarkivet me har jobba med.

## **Rekneskap**

<b>Inntekter</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Revidert budsjett 22.01.2019</b>	<b>Rekneskap</b>
Løyving Norsk kulturråd	280 000	260 000	260 000
Løyving Arkivverket	300 000	200 000	200 000
Eigeninnsats	358 040	439 000	557 500
	<b>938 040</b>	<b>899 000</b>	<b>1 017 500</b>

<b>Utgifter</b>			
Honorar	920 040	877 000	993 500
Reise	3 000	3 000	1000
Rekvista	15 000	19 000	23 000
	<b>938 040</b>	<b>899 000</b>	<b>1017500</b>

### **Kommentar til rekneskapen**

Me fekk inn færre eksterne midlar enn det var søkt om, og auka difor eigeninnsatsen i prosjektet noko, då det ville vere naudsyt for ei god gjennomføring.

Utgiftene til lønsmidlar totalt har overstige dei opphavlege rammene i budsjettet, hovudsakleg grunna ei forlenging av prosjektet som følgje av korona-tiltaka i mars 2020. Fotograf som var tilsett i prosjektstilling var hindra frå å utføre oppgåvene sine i to månader, og prosjektet måtte difor gjennomførast av fast fotoarkivar. Prosjektoppgåvene kring digitalisering kunne heller ikkje gjennomførast like effektivt som av prosjektmedarbeidar, dette har bidrege til at fleire faste lønsmidlar vart brukt i prosjektet.

I mars 2020 vart arbeid med ytterlegare informasjonsinnhenting i prosjektet, som ikkje hadde vore teke høgd for i planlegginga, prioritert fordi dette var oppgåver som kunne utførast frå heimekontor. Kostnadsauken kan forvarast på grunnlag av at dei gode resultata av dette, som gav ein ny dimensjon til prosjektet. Dette var også arbeid som det var mogeleg å prioritere, då korona-situasjonen sette anna arbeid på vent i perioden.